




Vedlegg til sak: Høyringsuttale til søknader om løyve til å bygge 10 småkraftverk i Flora kommune

Saksutgreiing for Steindal kraftverk Flora kommune

1. Omtale av tiltaket.

Vassdraget er ein del av Oselvvassdraget og ligg i Steidalen i Flora kommune ca. 10 km sør for Eikefjord. Prosjektet er basert på to inntak på kote 210: i Steindalselva og i Støylselva. Dei to elvane renn saman til Kleivaelva på kote 125. Kraftstasjonen er planlagt på kote 98 ved inntaket til det eksisterande Skolten kraftverk (bygt i 2002 med inntak på kote 98 og utløp på kote 23). Kleivaelva renn ut i Oselva på ca. kote 20 ved Sæten. Nedre delen av Kleivaelva går i eit djupt gjel. Litleelva som renn ut i Støylselva, er planlagt overført til inntaket i Steindalselva.

Søkjar er Småkraft AS som er eit produksjonsselskap eigd av Skagerak Kraft AS, Agder Energi AS, BKK Produksjon AS og Statkraft AS. Småkraft har inngått avtale med grunn- og fallretts-eigarane langs elva om utvikling og utbygging. Grunneigarane vil behalde eigedomsretten til fallet.



Hovuddata for Steindal kraftverk.


Tilsig	Totalt for Steindalselva og Støylselva	Overføring av Litleelva
Nedbørsfelt, km ²	25,4	1,1
Middelvassføring ved inntaket, m ³ /sek	2,67	0,082
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	182	
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	210	
Fem-persentil* vinter, liter/sek	211	
Kraftverk		
Inntak, kote	210	
Avløp, kote	98	
Brutto fallhøgde, meter	112	



Slukeevne, maks m ³ /sek	5,35	0,3
Slukeevne, min m ³ /sek	0,53	
Installert effekt, maks MW	5,0	
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter l/sek	200/100	
Bruktid, timar	3200	
Produksjon		
Årleg middel, GWh	16,1	0,4
Økonomi		
Utbyggingskostnad, mill. kr.	54,6	0,5
Utbyggingspris, kr/kWh	3,4	1,2

Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Det er planlagt inntaksdammar i Steidalselva og Støylselva på kote 2010. Litleelva ved kote 220 er planlagt overført til inntaket i Steidalelva via eit 250 meter langt nedgravd rør. Inntaksdammen i Steidalselva vil bli 15 meter lang og 4-5 meter høg. I Støylselva vil det bli bygt ein 20- 25 meter lang terskel med topp på kote 2010 og ein kort kanal til inntak på østsida av elva. Det er planlagt felles rørgate frå kraftstasjonen og opp til kryssing av elva ved kote 125. Vidare separate rørgater til dei to inntaka, i hovudsak langs kommunal veg innover Steidalen og langs stølsveg til inntaket i Støylselva. Kraftstasjonsbygget på kote 98 vil få ei grunnflate på ca. 100 m². Det er ikkje behov for nye vegar i samband med utbygginga. Nett-tilknytning skal skje via eit kort kraftlinje over elva frå stasjonen til ei 22 kV linje som går vidare innover Steindalen.



Rørgater: raude strekar. Inntak: raude prikkar. Stasjon: Raud firkant. I blått: Skolten kraftverk

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Tilsiget til inntaket i Steindalselva utgjer 63 % av total tilsiget til kraftverket og tilsiget til inntaket i Støylselva utgjer 37 %. Av dette utgjer overført del fra Litleelva om lag 5 % (middelvassf. 82 l/s).

Kraftverket vil utnytte 75 % av totaltilsaget, 18 % vil gå som overløp over dammen og 7 % vil bli tappa forbi dammane som minstevannføring. Mindre enn 1 % av tilsiget vil bli tappa forbi når det er for lite vatn til å produsere på.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, flaum og erosjon

Tiltaket vil ha liten negativ konsekvens for vasstemperatur, isforhold og lokalklima.

Konsekvensane for grunnvatn vil bli ubetydlege. Konsekvensane for ras, flaum og erosjon er venta å bli små negative.

Raudlisteartar.

Det er venta liten til ubetydeleg konsekvens.

Terrestrisk miljø

Det er venta liten negativ konsekvens.

Akvatisk miljø

I driftsfasen vil redusert vannføring kunne virke negativt for enkelte ferskvannsorganismer bl.a. av bunndyr. Planlagte slipp av minstevannføring forventes å bidra til god overlevelse av bunndyr. Konsekvensen av planlagte tiltak forventes ut fra dette å bli liten negativ for det akvatiske miljøet.

Landskap og INON, sitat

Med unntak av stedene er Steindalselva og Stølselva krysses av veier, er de nokså skjult av vegetasjon og dels topografi. Vannføringsendringene vil derfor ikke påvirke oppfatningen av landskapet i nevneverdig grad. Inntaksdammene blir permanente installasjoner som vil synes fra bilvei og bebyggelsen, men ikke forstyrre landskapskarakteren. Inntaket i Stølselva ligger noe mer skjult av skogen. Rørtaseene er plassert til vei/veiskulder, og vil etter gjengroing oppfattes som en del av veien. For å se inngrepene godt må man opp i høyden på en av kollene med utsikt ned til dalen, men etter gjengroing vil det også herfra være lite synlig. Det vil være viktig å ta vare på kantsona til Steindalselva, da denne også vil hjelpe til å skjule inngrepet. Stasjonsbygget ved inntaket til Skolten kraftverk vil være synlig fra fylkesveien. Området er allerede godt opparbeidet, og bygget vil oppføres i tråd med lokale byggeskikker. I driftsfasen vil redusert vannføring langs den utbygde strekningen være synlig der elvene krysses av veiene. Den mest synlige konsekvensen av tiltaket vil være rørgata langs Steindalselva i anleggsperioden. For å se effektene av tiltaket i øvrige deler av tiltaksområdet må en ferdes tett på vassdraget. Fotodokumentasjon av vassdraget fra utvalgte lokaliteter, med ulike vannføringer følger i vedlegg. Omfanget for landskapet vurderes som lite negativt

INON-områdene rundt tiltaket består kun av sone 2: 1-3 km fra teknisk inngrep og har middels verdi. Da planlagte tiltak ikke berører INON-området, vurderes virkningsomfanget som ubetydelig for INON. Med bakgrunn i verdi og virkningsomfang er samlet konsekvens for landskap og INON vurdert til liten negativ til ubetydelig.

Kulturminne.

Databasen for kulturminner, <http://www.kulturminnesok.no/>, er sjekket for funn av kulturminner. Det foreligger ingen registreringer av kjente kulturminner i tiltaksområdet. Søk i SEFRAK viser flere bygninger i influensområdet, alle knyttet til gårdstun og infrastruktur som ikke berøres av tiltaket. Undersøkelsesplikten etter kulturminnelovens § 9 vil bli oppfylt som en del av høringen av konsesjonssøknaden

Brukarinteresser, sitat

Planlagte tiltak vil i liten grad påvirke brukerinteressene i området, selv om anleggsarbeidet i kortere tidsrom kan virke forstyrrende/skjemmende for folk som ferdes i området. Konsekvensen for allmenn ferdsel, friluftsliv og jakt vurderes som små negative

Samfunnsmessige verknader, sitat:

En utbygging vil medføre økt salg av varer og tjenester nær prosjektområdet. Den lokale

verdiskapingen er vurdert til å være i størrelsen 60 mill. kr. Her er det forutsatt at 60 % av byggearbeidene blir utført av lokale firma. De fleste grunneierne er bosatt i Flora kommune. Dette medfører at 13,2 % av skatteinntektene fra disse grunneierne vil gå til kommunene samtidig som fylkeskommunen og staten får 14,8 %. I tillegg har Flora kommune innført eiendomsskatt, og vil da motta 0,7 % av lignet prosjektverdi hvert år. Utbyggingen vil gi ca. 16 årsverk i anleggsperioden og inntil 0,3 varige årsverk som følge av daglig drift. Grunneierne får felleige og prosjektet vil gi gårdene et betydelig økonomisk løft. Det er lite trolig at utbyggingen vil ha vesentlige negative samfunnsmessige verknader for reiseliv.

Samlet er det vurdert at tiltaket vil ha liten positiv konsekvens (+) for lokalsamfunnet, både i anleggs- og driftsfasen.

Sumverknad, sitat

Utbyggingsområdet er allerede preget av inngrep slik som veier, kraftledning, oppdyrket mark og utbygd kraftverk. Tiltaket vil etter utbyggers mening ikke medføre vesentlig økt belastningen på naturens mangfold, landskap og friluftsliv innenfor utbyggingsområdet.

Avbøtende tiltak

Det er foreslått slepping av minstevassføring 200 liter/sek om sommaren og 100 liter /sek om vinteren. Redusert produksjon på grunn av dette er berekna til 0,6 GWh.



Figur 6 Steindalselva nedanfor inntak (ca kote 170), lav vannføring



Figur 14 Støylselva ved kote 160 -170 (sett frå bru på stølsvegen) (lav vannføring)

3. Fylkesrådmannen si vurdering - fordelar og ulemper - avbøtande tiltak

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 16 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er kr. 54,6 mill. Utbyggingsprisen kan bereknast til 3,4 kr/kWh, som er middels for tilsvarende anlegg i distriktet. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap i samband med bygging av dammar/tersklar på tre stader, rørgater, kraftstasjon og redusert vassføring i Steidalselva, Støylselva og Litleelva.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Fylkeskommunen har utarbeid Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (fylkestinget des. 2012). I delområdet Flora – Bremanger er det markert 15 fossar/stryk som er viktige landskapselement. Steindalselva, Støylelva og Litleelva er ikkje mellom desse.

I planen er det definert fjordlandskap langs fjordane og dei største innsjøane i fylket. Tiltaksområdet ligg ikkje i fjorlandskap.

Oselvvassdraget med Vassetevatn og Svardalsvatn er markert som regionalt viktig friluftsområde. Tiltaket påvirkar ikkje dette området.

Kulturminne

Det er ikkje vurdert om det finst andre typar kulturminne frå nyare tid i området enn SEFRAK-registrerte bygningar. Nyare tids kulturminner er ofte ikkje registrert i nokon databasar, i samband med søknaden må tiltakshavar sjekke området om det er ikkje registrerte kulturminne frå nyare tid. Eksempel på kulturminne som kan vere aktuelle er vegar, stiar, kvernhus/restar av kvernhus, bruer.

Fjernverknaden på tiltaket i forhold til gardstuna i området er heller ikkje vurdert. Fylkeskommunen vurderer potensialet for at det kan ligge ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området som høgt. Garden Svardal som ligg i eine utlaupet til Storeelva er eit eldre gardsnamn, og nemnast i Olaf Ryg sin «Norske Gaardnavne». Erfaringsmessig ligg det ofte kulturminne i utmarka til ein så stor gard. Undersøkingsplikta jamfør § 9 skal oppfyllest. Vi ber om å bli kontakta av tiltakshavar så fort som råd, slik at kulturminneregistreringane kan gjennomførast. Dersom kulturminne kjem i konflikt med eventuelle automatisk freda kulturminne, er det viktig å få til gode løysingar med omsyn til justeringar av trase.

Samla vurdering for Steindal kraftverk

Tiltaksområdet er frå før påverka av vegar, kraftlinjer, busetnad og kraftutbygging. Dei nye tiltaka vil vere i same skala som eksisterande anlegg og vil ikkje virke dominerande verken lokalt eller på avstand. Fylkesrådmannen vil rå til at det vert gitt konsesjon.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen meiner at fordelane ved tiltaket vil vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt.